

Åse Hundvin  
Skornesvegen 60  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13516 - 20/55770

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dato:  
08.09.2020

## **Landbruksak gbnr 56/1 Hundvin - Svar på søknad om bygging av landbruksveg**

**Administrativt vedtak: Saknr: 916/20**

### **VEDTAK:**

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Åse Hundvin Drengenes løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 56/1 Hundvin.

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som ømsøkt.

**Vedtaket er gyldig til 30.08.2023. Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2**

### **Saka gjeld**

Åse Hundvin søker om bygging av ca 600meter veg i vegklasse 4, landbruksvegforskrifta for å ta ut skog på eigedommen. Det er estimert ca 6000m<sup>3</sup> hogstmoden skog på eit areal på ca 300daa. Det skal og knytast eit massetak i samband med vegbygging. Estimert kostnad er på 900 000,-

### **VURDERING:**

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området. Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune og hos Fylkesmannen i Vestland.

Sjå svar under frå fylkeskommunen:

*Vi viser til Dykkar brev av 17.07.20 med vedlegg. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Hundvin i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.*

*Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med den omsøkte landbruksvegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av landbruksvegen søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.*

*Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.*

#### **Hogst**

*Vi ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigar om at Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune også skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova.*

*Varselet skal innehalde følgande informasjon:*

*Gnr – Bnr – kommune*

*Kart over hogstrområde og eventuelle planlagte driftsvegar, velteplassar, m.m.*

*Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.*

*Planlagt oppstartsdato*

*Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer*

#### **Regelverk**

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytt fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13516

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Vedlegg:**

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gbnr 56/1 - Hundvin

**Mottakarar:**

Åse Hundvin

Skornesvegen 60                  5955                  LINDÅS